

# MELAND KOMMUNE

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Delegasjonsvedtak kommunalteknikk, miljø, landbruk	03.07.2006	JHB	184/06

<b>Avgjerd av:</b> Kommunalsjef	<b>Ansv.</b>	<b>Arkiv:</b> GBNR-	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksbeh.:</b> Jens H. Bjordal	JHB	55/7, N-547	06/1092
		<b>Objekt:</b>	

### SØKNAD OM LØYVE TIL TILKOPLING KOMMUNALT VATN OG SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE - GNR 55 BNR 7 SKJELANGER.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
5	I	08.05.2006	Bernt Johan Skjelanger	AVTALE VEDK. KOBLING AV RØR PÅ ANNEN EIGEDOM.
4	I	08.05.2006	Oddfrid Skjelanger	AVTALER . VEDK. LØYVE TIL LEGGING AV RØR.
6	I	10.06.2006	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	SØKNAD OM LOKAL GODKJENNING.
7	I	10.06.2006	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	KONTROLLERKLÆRING.
1	I	10.06.2006	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	SØKNAD OM LØYVE TIL TILKOPLING KOMMUNALT VATN.
2	I	10.06.2006	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE - GNR 55 BNR 7 SKJELANGER.
3	I	10.06.2006	Sigmund Skråmestø rørleggarforretning	SØKNAD OM ANSVARSRETT KONTROLLPLAN.

#### Saksutgreiing:

Det er søkt om tilknytning til kommunalt Vass-anlegg for gnr.55 bnr. 7.

Det er søkt om utsleppsløyve for avlaupsvatnet i privat ledning fram til 4 kbm. slamavskiljar med vidare tilkopling til tidlegare godkjent privat utslepp i sjø.

Sigmund Skråmestø har søkt om ansvarsrett for utføringa av arbeidet etter Plan-og bygningslova. Han har vidare søkt om lokal godkjenning av sitt føretak.

## **Vurdering:**

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Naudsynte ansvarsrettar og kontrollplanar ligg ved saka. I tillegg er det søkt om lokal godkjenning for utføringa og kontroll av denne.

Administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale Vass-anlegget.

Administrasjonen har heller ingen merknad til at det her vert gitt utsleppsløyve på vanlege vilkår.

## **VEDTAK:**

### **Tilknytning til kommunalt vassanlegg:**

"Meland kommune godkjenner at gnr. 55 bnr.7 vert tilknytt kommunalt Vass-anlegg på følgjande vilkår:

- Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje Normalreglement for sanitæranlegg, Kommuneforlaget.
- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2006 er tilknytingsgebyret for vatn kr.25.000,-pluss mva.
- Årsgebyr etter gjeldande regulativ vert å rekna frå 01.07.2006.

### **Utsleppsløyve:**

Meland Kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 16-4 utsleppsløyve for avlaupsvatn for bustad på gnr. 55 bnr. 7 i Meland i samsvar med stempla søknad motteke 14.06.2006 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal førast i tett leidning til slamavskiljar på 4 kbm. av godkjent type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatnet førast i tett leidning til tidlegare godkjent privat utslepp til sjø i samsvar med inngått avtale med eigar av gnr. 55 bnr. 1 datert 08.05.2006.
3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast frå slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

**Gjeld for begge vedtaka:**

- Tiltaka er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad motteke 14.06.2006.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter og Plan- og bygningslova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen.”

**Rett utskrift**

**Dato:**

07.07.06

Kommunalsjef

*[Handwritten signature]*

**Kopi til:**

- Bernt Johan Skjelanger
- Oddfrid Skjelanger
- Olav M. Rougne
- Sigmund Skråmestø rørleggarforretning